SAKSUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 20/00430-5
Saksbehandler Gunhild Eidsli

Ny helse- og omsorgsplan - utlegging til høyring

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Hovudutval for helse og omsorg	03.02.2021	2/21

Hovudutval for helse og omsorg har behandlet saken i møte 03.02.2021 sak 2/21

Votering

Innstillinga frå kommunedirektøren vart samørystes vedteken.

Hovudutval for helse og omsorg sitt vedtak

1. Utkast til ny helse- og omsorgsplan blir lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 1. mars 2021.
2. Utkast til ny helse- og omsorgsplan blir sendt Eldrerådet, Råd for likestilling av funksjonshemma, Ungdomsrådet, Raude kors, Sanitetsforeningane, Pensjonistforeninga, Helselaget og Demensforeninga til uttale.
3. Utkast til ny helse- og omsorgsplan inneheld mange tema og tiltak som tenestene skal arbeide vidare med. I samband med høyringa ønskjer ein særleg å få tilbakemelding på følgjande:
   - Reforma «Leve hele livet» gjeld aldersgruppene over 65 år og er eit særleg satsingsområde i den planperioden vi er inne i. Tiltak for denne aldersgruppa er nemnt under fleire område i plana. Vi ønskjer tilbakemelding på;
     - Kva tiltak meiner høyringsinstansane er særleg viktig å prioritere i åra framover?
     - På kva måte kan frivillige og lag og organisasjonar bidra til at tiltaka blir iverksett?
     - Forslag til andre måtar ein kan løyse oppgåvene på?
   - Helsehus er av kommunestyret vedteke som eit satsingsområde i eige vedtak, sjå punkt 2.5.4 i planutkastet. Det er mange meiningar om kva eit Helsehus bør inneha av funksjonar og tilbod. Det er og ulike meiningar om korleis tenestene skal organiserast i eit Helsehus. Vi ønskjer tilbakemelding på kva ein meiner er dei viktigaste områda/tenestene ein bør prioritere inn i eit Helsehus og kva omfang ein ser for seg.

Ny helse- og omsorgsplan – utlegging til høyring

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Utkast til ny helse- og omsorgsplan blir lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 1. mars 2021.
2. Utkast til ny helse- og omsorgsplan blir sendt Eldrerådet, Råd for likestilling av funksjonshemma, Ungdomsrådet, Raude kors, Sanitetsforeningane, Pensjonistforeninga, Helselaget og Demensforeninga til uttale.
3. Utkast til ny helse- og omsorgsplan inneheld mange tema og tiltak som tenestene skal arbeide vidare med. I samband med høyringa ønskjer ein særleg å få tilbakemelding på følgjande:
   - Reforma «Leve hele livet» gjeld aldersgruppene over 65 år og er eit særleg satsingsområde i den planperioden vi er inne i. Tiltak for denne aldersgruppa er nemnt under fleire område i plana. Vi ønskjer tilbakemelding på;
     - Kva tiltak meiner høyringsinstansane er særleg viktig å prioritere i åra framover?
     - På kva måte kan frivillige og lag og organisasjonar bidra til at tiltaka blir iverksett?
     - Forslag til andre måtar ein kan løyse oppgåvene på?
   - Helsehus er av kommunestyret vedteke som eit satsingsområde i eige vedtak, sjå punkt 2.5.4 i planutkastet. Det er mange meiningar om kva eit Helsehus bør inneha av funksjonar og tilbod. Det er og ulike meiningar om korleis tenestene skal organiserast i eit Helsehus. Vi ønskjer tilbakemelding på kva ein meiner er dei viktigaste områda/tenestene ein bør prioritere inn i eit Helsehus og kva omfang ein ser for seg.

Saksopplysninger

Arbeidet med ny helse- og omsorgsplan vart så vidt starta opp i 2018. Det vart nedsett ei gruppe i 3-partssamarbeidet som skulle utarbeide ei heilheitleg plan over kva helse- og omsorgstenester vi skal tilby i Surnadal i framtida. Desse har vore med i arbeidsgruppa:

Adm.:	Knut Haugen, kommunedirektør, Gunhild Eidsli, kommunalsjef helse og omsorg
HVT:	Gunn Heide Ansnes/Maybrit Olesen Hakstad , NSF og Tove Naterstad, FF
Politikarar:	Lilly Gunn Nyheim/Margrethe Svinvik, ordførar og Ingebrigt G. Moen/Laila Buskenes Aune, leiar i HHO

Kommunestyret sette som føring for planarbeidet at det skulle løysast innanfor kommunen sine eigne personalressursar.

Arbeidsgruppa inviterte einingsleiarane innan helse- og omsorg med i arbeidet, samt plansjef. Kommunalsjef, einingsleiarane og plansjef har utforma plandokumentet som det no ligg føre. Situasjonen i året som har gått har gjort det utfordrande å gjennomføre temamøte i samband med planarbeidet.

Arbeidsgruppa har gått gjennom plandokumentet og støttar at det no kan leggjast ut til offentleg ettersyn og sendast aktuelle høyringsinnstansar for å få innspel.

Arbeidsgruppa kom under gjennomgangen av dokumentet med innspel til kva ein i samband med høyringa særleg ønskjer å få tilbakemelding på:

- Reforma «Leve hele livet» gjeld aldersgruppene over 65 år og er eit særleg satsingsområde i den planperioden vi er inne i. Tiltak for denne aldersgruppa er nemnt under fleire område i plana. Arbeidsgruppa ønskjer tilbakemelding på;
    - Kva tiltak meiner høyringsinstansane er særleg viktig å prioritere i åra framover for denne gruppa?
    - På kva måte kan frivillige, og lag og organisasjonar bidra til at tiltaka blir iverksett?
    - Forslag til andre måtar ein kan løyse oppgåvene på?
- Helsehus er av kommunestyret vedteke som eit satsingsområde i eige vedtak. Det er mange meiningar om kva eit Helsehus bør inneha av funksjonar og tilbod. Det er og ulike meiningar om korleis tenestene skal organiserast i eit Helsehus. Vi ønskjer tilbakemelding på kva ein meiner er dei viktigaste områda/tenestene ein bør prioritere inn i eit Helsehus og kva omfang ein ser for seg.

Arbeidsgruppa drøfta og om reforma «Leve hele livet» bør få eit eige kapittel i plandokumentet. Det er det ikkje lagt opp til per i dag, tiltaka står under dei andre områda i plana.

Viktig grunnlag for planarbeidet

Folkehelselova § 5 seier at kommunane skal ha naudsynt oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på denne. Parallelt med arbeidet med Helse- og omsorgsplan har det vore arbeidd med å kartlegge helsetilstanden i Surnadal. Kartlegginga er gjort med tanke på å danne seg eit grunnlagsdokument for arbeidet med Helse- og omsorgsplan, men står og sentralt i all anna planlegging i kommunen. Dette har Fylkesmann i Møre og Romsdal tidlegare framstilt slik:



Dokumentet er ikkje heilt ferdigstilt, men blir sendt med som bakgrunnsinformasjon, sjå vedlegg.

Digital framstilling av plana

Plana som no blir sendt over til behandling er utforma på tradisjonelt vis i eit dokument. Arbeidsgruppa har drøfta at plana må tilpassast ein digital plattform, og gjerast godt tilgjengeleg på kommunen sine heimesider. Økonomiplan for 2021 – 2024 er utforma på ein digital plattform, og målet er at Helse og omsorgsplana vil bli gjort tilgjengeleg på same måte.

Vurdering av effekt opp i mot FN sine 17 bærekraftmål

Saksbehandlar sett kryss framfor dei bærekraftmåla som ein vurderer at saka / tiltaket vil kunne ha ein effekt på:

☒	Mål 1	**Utrydde fattigdom**
☒	Mål 2	**Utrydde sult**
☒	Mål 3	**God helse**
☒	Mål 4	**God utdanning**
☒	Mål 5	**Likestilling mellom kjønnene**
☐	Mål 6	**Rent vann og gode sanitærforhold**
☐	Mål 7	**Ren energi for alle**
☐	Mål 8	**Anstendig arbeid og økonomisk vekst**
☐	Mål 9	**Innovasjon og infrastruktur**
☒	Mål 10	**Mindre ulikhet**
☒	Mål 11	**Bærekraftige byer og samfunn**
☒	Mål 12	**Ansvarlig forbruk og produksjon**
☐	Mål 13	**Stoppe klimaendringene**
☐	Mål 14	**Liv under vann**
☐	Mål 15	**Liv på land**
☒	Mål 16	**Fred og rettferdighet**
☒	Mål 17	**Samarbeid for å nå målene**

Vedlegg

Oversikt folkehelse Surnadal 2021
Helse- og omsorgsplan 2021 og framover

RETT UTSKRIFT
DATO 4.februar.2021